



NORMALVEDTEKTER FOR (lokallag)

Stiftet: _____ Vedtektene vedtatt: _____ Godkjent: _____

Hageselskapets normalvedtekter har som mål å sikre dei formelle krava til demokratisk styring av organisasjonen og ei forsvarleg forvaltning av økonomien. Dei skal også vere med på å styrke preget av fellesskap i dei ulike ledda i organisasjonen. Lokale tilpassingar utover dette vil i regelen bli akseptert.

§ 1 NAMN OG FØREMÅL

_____ («laget») er ein del av Det norske hageselskap («Hageselskapet») gjennom _____ («regionavdelinga»). Målet for laget er å fremje hageglede, hagekultur, landskapspleie og nærmiljøsaker i samsvar med Hageselskapets visjon, arbeidsplan og vedtekter. Laget er ein eigen juridisk eining. Det norske hageselskaps føremål er å fremje hageglede, bærekraftig hagekultur og landskapspleie, og den positive helseeffekt grøne omgjevnader har for det einskilde mennesket, familien og samfunnet.

§ 2 ARBEIDSSOMRÅDE

Laget søker å nå sitt føremål ved å:

1. Skape eit triveleg hagemiljø for medlemmene sine.
2. Gi medlemmene fagleg hjelp og inspirasjon ved å halde foredrags- og diskusjonsmøte, hagevandringar, kurs, studieringar og utflukter.
3. Profilere og marknadsføre hagesaka i nærmiljøet og gjennom lokale media.
4. Samarbeide med aktuelle organisasjonar og institusjonar.
5. Verve medlemmer.
6. Søke om økonomisk støtte til si verksemd frå offentlege og private kjelder, halde arrangement som gir inntekter eller få bidrag frå eigne medlemmer mv.
7. Bidra til å gjennomføre Hageselskapets strategiske føringar.
8. Medverke til at ein følgjer Hageselskapets profilprogram.
9. Bidra til å bygge eit positivt omdøme for Hageselskapet.

§ 3 MEDLEMSKAP

Alle som har meldt seg inn og har betalt den fastsette årskontingenten til Hageselskapet er medlemmer av laget. Berre medlemmer kan veljast inn i styret og/eller som representantar for laget.

§ 4 ÅRSMØTET

Årsmøtet er laget sin høgste myndigheit og skal haldast kvart år. Tidspunktet for årsmøtet skal gjerast kjent for medlemmene i laget med minst seks vekers varsel. Innkalling med komplett sakliste og alle saksdokument så som årsrapport, rekneskap mv. skal sendast til medlemmene minst 14 dagar før møtet.

Årsmøtet skal:

1. Velje ordstyrar, referent og to personar til å underskrive protokollen.
2. Behandle laget sin årsrapport.
3. Behandle laget sin reviderte årsrekneskap.
4. Behandle laget sin arbeidsplan og budsjett for komande år.
5. Velje:
 - a) Leiar.
 - b) Medlemmer og varamedlemmer til styret i samsvar med § 7, etter forslag frå ein valkomité på tre medlemmer.
 - c) Velje valkomité på tre medlemmer.
 - d) Velje ein representant, som saman med leiaren, er utsending til regionavdelinga sitt representantskapsmøte.Vala skal vere skriftlege dersom det ligg føre fleire forslag til same verv eller dersom eit medlem krev det. Ved likt røystetal skal ein trekke lodd.

6. Velje revisor for to år.
7. Behandle andre alle saker som er ført opp på saklista.

Saker som eit medlem vil ha behandla på årsmøtet, må sendast til styret minst ein månad før årsmøtet. Styret behandlar alle innkomne forslag og legg desse fram på årsmøtet med forslag til vedtak. Styret har ikkje røysterett under punkta 2, 3 og 6. Berre saker som er oppførte på saklista kan behandlast. Ved likt røystetal avgjer røysta til leiaren, bortsett frå ved val. Ingen kan gje meir enn ei røyst eller røyste med fullmakt.

§ 5 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan haldast når styret finn det naudsynt eller når ein tredel av medlemmene krev det. Informasjon om ekstraordinært årsmøte skjer på same måte som for årsmøte, minst 14 dagar før møtet. På eit slikt møte kan ein ikkje ta opp andre saker enn dei som er ført opp på saklista.

§ 6 RAPPORTERING

Godkjent årsrapport, rekneskap og resultatet av vala frå årsmøtet skal sendast til regionavdelinga straks etter årsmøtet.

§ 7 STYRET

Styret er sett saman av leiar og fire styremedlemmer. Inntil to varamedlemmer kan veljast etter behov. Etter forslag frå valkomiteen vel årsmøtet først og ved særskilt val: Leiar for eitt år og styremedlemmer for to år. Av dei fire valde styremedlemmene er to på val kvart år (første gong etter loddtrekning). Styret kan velje nestleiar, sekretær, kasserar og studieleiar blant styremedlemmene. Kasserar og studieleiar kan ein velje utanfor styret. Funksjonstid for styreleiar er normalt inntil seks år og for styremedlemmer normalt inntil åtte år.

§ 8 STYRET SINE OPPGÅVER

Styret leiar laget sitt arbeid og forvaltar midla i samsvar med vedtektene, arbeidsplan, budsjett og på grunnlag av andre vedtak fatta på årsmøtet. Det skal førast møtebok frå styremøta der vedtak og røystingar vert protokollert. Laget si møtebok, årsmøtedokument og korrespondanse skal arkiverast i minst fem år. Felleskorrespondanse med medlemmene og generell informasjon frå Hageselskapet eller regionavdelinga blir i denne samanhengen ikkje rekna som korrespondanse. Kasseraren fører rekneskapen for laget. Vedtak i styret blir gjort med alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal avgjer røysta til leiaren. Eit styrevedtak er gyldig når minst tre styremedlemmer har røysta. Minst ei veke før kvart styremøte skal sakliste og alle saksdokument sendast styremedlemmene. Medlemmene i laget kan fremje saker for styret, som pliktar å behandle sakene på førstkomande styremøte.

§ 9 VEDTEKTSENDRINGAR

Forslag til endring i vedtektene kan fremjast av styret eller medlemmene i laget. Forslaga må vere kome fram til styret minst tre månader før årsmøtet. Styret skal behandle alle innkomne forslag og legge dei fram på årsmøtet saman med styret sitt forslag til vedtak. Vedtak om vedtektsendring krev aksept av minst 2/3 av røystene. På ekstraordinært årsmøte må det ikkje gjerast vedtak om endring i vedtektene, dersom dette ikkje har vore behandla på eit ordinært årsmøte. Vedtek årsmøtet endringsforslag, skal dette sendast regionavdelinga for godkjenning.

§ 10 OPPLØYSING

Forslag om oppløysing av laget skal leggst fram av styret og medlemmene skal varslast minst tre månader før årsmøtet. Forslag om oppløysing må leggst fram for regionavdelinga før forslaget kan fremjast. Oppløysing av laget må behandlast av årsmøtet og oppnå 2/3 fleirtal av røystene. Lag der det ikkje har vore aktivitet ifølgje vedtektene gjennom tre år, kan løysast opp av styret i regionavdelinga. Ved oppløysing av laget blir midlane laget rår over overlate til regionavdelinga, som forvaltar dei i minst fem år. Blir det i femårsperioden danna eit nytt lokallag innan same område, kan styret i regionavdelinga bestemme at dette laget får overta midlane når vedtektene er godkjende.

Vedtatt av representantskapet 14.06.2014